

Referat frå elevrådsmøte 06.01.2026

Desse møtte: Joris frå 2.årssteg, Mathias og Tuva frå 3. årssteg, Lotte og Oskar frå 4.årssteg, Malin og Maylinn frå 5.årssteg, Matas og Anders frå 6.årssteg, Liam og Eiril frå 7.årssteg, rektor Linda.

Leiar og referent: Linda Selheim

Gjennomgang av referat frå førre møte

Ikkje alle representantane hadde fått gjennomgått referat og førebudd seg til møtet. Det er svært viktig at elevrådsarbeid blir prioritert framover. Elevane har rett til å bli høyrd i saker som gjeld dei og deira skulemiljø, og skulen er forplikta til å fremje eit godt elevdemokrati. Elevrådet ber innstendig om at dette blir prioritert framover!

Elevundersøkinga

Elevrådet såg ein informasjonsfilm om Elevundersøkinga. Vi såg så på resultata frå Spildepollen skule som blei publisert før jul. Elevrådet ynskjer at det blir jobba særskilt med desse områda: Faglege utfordringar, felles reglar og meistring. Mange elevar opplever at oppgåvene anten er for lette eller for vanskelege. For mange elevar ligg under gjennomsnittet fagleg. Skulen har jobba hardt med å innføre, implementere felles reglar på skulen. Desse er no godt kjent for alle, men det er utfordrande når dei ikkje blir følgt av alle elevane. Rektor tek med seg innspela vidare når oppfølgingsplan skal utarbeidast seinare i veka.

Bemanning av hjelpesona/hjartesona i storefri

Elevrådsrepresentantane på mellomsteget vil bemanne hjelpesona i storefri måndagar, tysdagar og onsdagar. 7.årssteg måndagar, 5. årssteg tysdagar og 6.årssteg onsdagar. Elevar som kjem innom vil få høve til å få hjelp, plaster, nokon å snakke med, teikne, spele kort eller lese. Oppstart måndag i veke 3.

Tilbakemeldingar frå elevane etter vinterkonsert og engelskveke

Vinterkonserten: Dei fleste elevane tykkjer det er gøy og stor stas å øve til og å gjennomføre konsert kvart år. Det som øydelegg litt, er elevar som ikkje oppfører seg i koret og følg reglane. Elevane ynskjer at kvart årssteg får synge ein song åleine slik som i fjor. Dei ynskjer også å vere delaktig i val av songar som koret skal gjennomføre. Rektor tek dette med seg vidare til enste planlegging.

Engelskveka: Elevane tykte engelskveka var veldig kjekk! Kjekt å få gjere varierte oppgåver og å vere saman på tvers av årsstega. Fargeleggingsoppgåvene var særleg gøy. Mange av elevane reagerte på at lærarane ikkje snakka engelsk og at oppgåvene var altfor lette. Elevrådet ber om at dette blir gjort noko med til neste gong.

Saker og førebuing til neste møte:

- Korleis jobbar årsstega med Helsefremmande skule? Kva kan gjerast betre/meir av? Kva er vi gode på?
- Tilbakemeldingar frå elevane om Leseaksjonen
- Gjennomgang av oppfølgingsplan etter Elevundersøkinga